

## **Referat årsmøte i FAU 11.06.26**

Til stades: Jon Harald Ødegård Egeland, Silje Taksdal, Arnfrid Bjelland, Bodil Hobberstad Knutsen, Øyvind Søyland og Gerd-Torill Hegre Berg.

### **SAK 1, Godkjenning av innkalling og referat**

Godkjent

### **SAK 2, Vedtekter frå FAU**

I dei gamle vedtektene står det skrive at FAU har møte ca. ein gong i månaden. FAU ønskjer å endra dette til å vera «minimum 5 møte i året, inkludert årsmøte». Vedtektene er vedtekne og gjeld frå og med august 2026.

### **SAK 3, Årshjul for FAU**

Øyvind har utarbeida eit førsteutkast til årshjul. FAU ser på dette som eit levande dokument, og vil derfor ikkje vedta det. Dokumentet skal vera ei hjelp til kva som må hugsast på gjennom året, og må lesast på til kvart FAU-møte. Sekretær er ansvarleg for å gjera endringar på det ved behov. Alle FAU-medlemene les gjennom dokumentet og førebur seg til ein gjennomgang på neste FAU-møte.

### **SAK 4, Stillingsbeskriving for FAU**

Stillingsbeskriving/oppgåvefordeling i FAU er vedtekne og blir publisert på Undheim skule si heimeside.

### **SAK 5, Anbefalte retningslinjer for sosiale samankomstar**

Anbefalte retningslinjer for sosiale samankomstar er vedtekne og blir publisert på Undheim skule si heimeside.

### **SAK 6, Årsmelding**

Årsmeldinga er godkjent og blir publisert på Undheim skule si heimeside. FAU ønskjer at rektor sender årsmeldinga ut til føresette gjennom Visma i håp om at den blir lesen av fleire.

## SAK 7, Rekneskap

Beskrivelse	Inn	Ut
Aktivitetsdag 25		- 3 811,00
Foredrag barnevakten		- 6 265,00
Grilling innsamlingsaksjon		- 5 523,20
Julefest(Foreldre og eldre)	19 736,50	- 13 228,00
Omkostninger		- 774,50
reflex gavekort		- 660,00
reflex pizza		- 1 000,00
Totalt	19 736,50	- 31 261,70
Resultat	- 11 525,20	

Totalt på konto: 23679,70

## SAK 8, Innkomne saker

- Trafikksikkerheit iht bygging av datasenter: Leier i Undheim idrettslag har prøvd å få kontakt med rektor for at Backe og TS skal få koma inn i skulen og fortelja om trafikksikkerheit iht lastebilkøyringa som vil føregå gjennom Undheim. FAU er positive til at dette skjer og oppfordrar skulen til å setja av tid til dette før sommarferien.
- Sommaravslutning: FAU har fått inn ei sak om moglegheita for felles sommaravslutning for heile skulen i staden for på kvart enkelt trinn. Argumenta for å gjera det på denne måten er travel kvardag og vanskar for nokre familiar å få tida til å strekka til dersom ein har fleire barn. FAU har drøfta forslaget og meiner at både jule- og sommaravslutningane er viktige arenaer for å styrkja klasse miljøet. Samlingane kan bidra til mobbeførebygging, auka samhald og gje betre relasjonar mellom elevar, føresette og tilsette. FAU vurderer dei sosiale samankomstane som verdifulle tiltak for å byggja eit inkluderande og trygt klasse miljø og ønskjer å behalda det slik som det er no. Me vil likevel påpeika at sommaravslutninga ikkje treng vera i juni månad.
- Ustrøkne flagg på 17. mai: Innkomen sak om at flagga som blei nytta til flaggborg i 17.mai-toget var veldig skrukkete. FAU er usikre kor dette ansvaret ligg, men anbefaler at 17. mai-komiteen har eit overordna ansvar for at flagga skal vera strøkne og fine.
- Samla folk under 17. mai-tale: Ein del folk oppheldt seg ved skateområdet medan talen pågjekk på 17. mai. Det er viktig at 17. mai-komiteen hjelp til med å få alle ut på fotballbana før talen startar.

## **SAK 9, Neste møte.**

Rektor kallar inn til neste møte etter skulestart hausten 2026.

Saker:

- Konstituering av nytt FAU
- Årshjul
- Tidleg innsats sosialt

Referent

Gerd-Torill Hegre Berg